



Liv og Jan Henrik Hansen heime i Skårhaug med eit bilete av båten som eksploderte. (Foto: Ola Matti Mathisen)

17. februar 1971 eksploderte tankaren Ferncastle i Atlanterhavet mellom Kanariøyane og Azorene og 7 av mannskapet mista livet. Blant 36 overlevande var ein familie på 3 frå Uskedalen: Andremaskinist Jan Henrik Hansen, kona Liv og dottera Liv Janne på nesten 2 år.

Torsdag har det gått 40 år sidan ulukka. Heime i Skårhaug sit Liv og Jan Henrik og minnes den mest dramatiske dagen i livet sitt. Dei er umåteleg glade for at dei overlevde og for at dei heller ikkje har hatt seinverknader av eksplosjonen bortsett frå det dei kallar "litt frynsete nerver".

- Eg har ikkje likt meg på sjøen etter det som skjedde, innrømmer Liv. Men Jan Henrik heldt fram til sjøsheit fram til han vart pensjonist som 62-åring i 2005.

Bakarsonen frå Uskedalen starta som byssegutt på ein HSD-båt i 1959, då han var 16 år gamal. Sidan var han å finna i maskinen på ein eller annan Fearnley & Eger-båt heilt framtil 1974 og til slutt i ein eller annan HSD-båt på heimlege trakter til han takka for seg på sjøen. Også kona Liv var ein gong messepike nokre månader påden

samme båten som Jan Henrik, men ho og dottera var ferierende passasjerar med Nigeria som mål då tankaren gjekk i lufta.

Jan Henrik var på jobb i maskinrommet då tre tankar like foran styrehuset eksploderte. Han var sammen med ein annan som vart drepe momentant og det vart også 6 som var i arbeid med spyling av tankene. Truleg var det nettopp den operasjonen som utløyste katastrofen.

Maskinen stana og lyset gjekk. I maskinrommet fauk lause gjenstandar omkring og tett røyk og damp gjorde det vanskelig å pusta. Jan Henrik måtte opp, men vart møtt av gloheit damp og måtte satsa på ein annan veg ut. Då han til slutt fekk opna ei dør som gjekk utover hadde han nesten ikkje att surstott att i lungane.

Kaptein var Bjarne Helvik frå Herøysund og han leia redningsoperasjonen på eit suverent vis. Eitpar timar etter at dei gjekk i båtane vart dei redda av spanske fiskarar i ein pallebåt frå Bilbao. Det var svært høg sjø, men overføringa av folk gjekk smertefritt sjølv om vesle Liv Janne måtta heisast over i ei plastbalje.

Heimkomsten via Lisboa utløyste mange spaltemeter i avisene og ikkje minst vart det skreve om "en liten pike med oljeflekker på kåpen"-

Ho hugsar rimelegvis ikkje noko av det som hendte for 40 år sidan. Også ho har satsa offshore men med base på land – som ingeniør hos Statoil i Stavanger.

Av Ola Matti Mathisen

I påskenummeret til Uskedalsposten kjem det meir stoff om ulukka og Jan Henriks liv til sjøs.